

KOMMISJONSVEDTAK

2005/EØS/58/13

av 19. februar 2003

om tredje endring av vedtak 2002/308/EF om utarbeiding av lister over godkjende soner og godkjende oppdrettsanlegg med omsyn til hemoragisk virusseptikemi (VHS) eller infeksøs hematopoietisk nekrose (IHN) eller begge disse fiskesjukdommene(*)

[meldt under nummeret K(2003) 558]

(2003/114/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 91/67/EØF av 28. januar 1991 om krav til dyrehelse ved omsetning av akvakulturdyr og akvakulturprodukter⁽¹⁾, sist endra ved direktiv 98/45/EF⁽²⁾, særleg artikkel 6, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) For å få status som godkjend sone og godkjent fiskeoppdrettsanlegg i ei sone som ikkje er godkjend med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og/eller infeksøs hematopoietisk nekrose (IHN), må medlemsstatane leggje fram for Kommisjonen relevante grunngevingar, saman med dei nasjonale føresegnene som sikrar at vilkåra i direktiv 91/67/EØF vert stetta.
- 2) I kommisjonsvedtak 2002/308/EF⁽³⁾, sist endra ved vedtak 2002/1005/EF⁽⁴⁾, er det fastsett lister over soner og fiskeoppdrettsanlegg som er godkjende med omsyn til visse fiskesjukdommar.
- 3) Tyskland har lagt fram for Kommisjonen grunnane for å gje, med omsyn til VHS og IHN, eitt oppdrettsanlegg i Bayern status som godkjent oppdrettsanlegg i ei sone som ikkje er godkjend, saman med dei nasjonale føresegnene som sikrar at reglane for å vidareføre godkjenninga vert stetta.
- 4) Dei framlagde grunngevingane er vortne granska av Kommisjonen med medverknad frå sakkunnige i medlemsstatane.
- 5) Den dokumentasjonen som Tyskland har lagt fram for det aktuelle oppdrettsanlegget, syner at dette anlegget stettar krava i artikkel 6 i direktiv 91/67/EØF. Det kan difor få

status som godkjent oppdrettsanlegg i ei sone som ikkje er godkjend, og bør først opp i lista over godkjende oppdrettsanlegg i vedlegg II til vedtak 2002/308.

- 6) Vedtak 2002/308/EF bør difor endrast.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I vedlegg II til vedtak 2002/308/EF skal følgjande godkjende fiskeoppdrettsanlegg leggjast til i nr. 3.5:

«6.	Fischzucht Graf Anlage D-87743 Egg an der Günz	Fischzucht Graf GbR Engishausen 64 D-87743 Egg an der Günz»
-----	---	---

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 19. februar 2003.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 46 av 20.2.2003, s. 29, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 139/2003 av 7. november 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 7 av 12.2.2004, s. 6.

⁽¹⁾ TEF L 46 av 19.2.1991, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 189 av 3.7.1998, s. 12.

⁽³⁾ TEF L 106 av 23.4.2002, s. 28.

⁽⁴⁾ TEF L 349 av 24.12.2002, s. 109.